



MJELDALEN UNGDOMSLAG  
v/ Jostein Mjelde,  
Kvisti,  
5286 HAUS



29/ 9 - 2014

Skipa 1906  
Bankgirokonto 3626.50.12552  
Telefon 56 39 05 44  
[www.mul.no](http://www.mul.no)

**KLAGE VEDR FORDELING AV TILSKOT TIL LOKALE KULTURBYGG,  
ANLEGGSNR 1253 0036 01 HAUS MJELDALEN UNGDOMSHUS.**

Viser til mottatt e-post 11/ 9 -14 med vedlegg vedr. tildeling av tilskot til lokale kulturbygg for 2014.  
Anleggsnr 1253 0036 01 Haus Mjeldalen Ungdomshus.  
Klagefrist satt til tre veker frå mottatt melding om vedtaket (11/ 9 -14).

**Klage:**

Mjeldalen Ungdomslag klager herved på vedtaket og meiner at det gjennom tildelingar i 2012 og 2013 er blitt forespeila at dette er eit prosjekt ein støttar opp om, men at heile tildelinga ville gå over tre år. For vår aktivitet i vårt aktive ungdomslag, og for kontinuiteten i byggearbeidet er det svært uheldig å no måtte stoppe opp for å evt. vente på tildeling i 2015.

*Mjeldalen Ungdomslag ønsker det resterende beløpet på kr. 308.000,- som tildeling for 2014.*

**Framdrift byggearbeid:**

Etter tildelingar i 2012 og 2013 er arbeidet komt godt i gong (påbegynt oktober 2013).

Fram til 28/ 9 -14 ligg ein tilnærma på budsjett, og det er hittil blitt brukt over 1000 timer med dugnadsarbeid innan dei fleste fagområda (sjå vedlegg).

Avvik etter oppstarten er litt ekstra kostnader med nokre støttemurer for å skille inngangspartia med vei og pakering.

Det er også blitt tilrettelagt for oppvarming med varmpumpe vann/ vann, noko som vil gje oss reduserte straumkostnader. Foreløpig planlagt ferdigdato er i løpet av 2014.

**Finansiering m.m.:**

I finansieringsplanen er det budsjettert med kr. 1.000.000,- i tildeling "tilskot lokale kulturhus". Det er også i samme finansieringsplan budsjettert med eit lån på kr. 600.000,-

Det er blitt snakka med banken som ikkje kan auka låneramma, dette med begrunnelse i at Mjeldalen ungdomslag er ein frivillig kultur organisasjon basert på frivillighet og dugnad.

**Vårt kulturarbeid:**

Mjeldalen Ungdomslag er den einaste søkeren frå Osterøy Kommune og våre aktivitetar og arr. samlar barn, ungdom, vaksne og seniorar frå heile Osterøy.

For dette arbeidet gjennom fleire år vart Mjeldalen Ungdomslag tildelt Osterøy Kommune sin kulturpris for 2012. Dette forpliktar og gjer at arbeidet med tilbygget no ikkje kan stoppa opp grunna manglande tilskot.

Les gjerne meir om oss på vår heimesida [www.mul.no](http://www.mul.no)

Håper denne klagen gjer at Mjeldalen Ungdomslag blir vurdert på nytt for tildeling i 2014.

Mvh.

For Mjeldalen Ungdomslag

Jostein Mjelde

- Leiar MUL -

Vedlegg: Dugnadsliste pr. 28.09.2014